

Innsamlinga av flyfoto er i gang

14.08.2009



Kristian Bringedal og Bjørgulv Eik med to biletar frå Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kristian Bringedal og Bjørgulv Eik er no i gang med innsamlinga av flyfoto som dei ynskjer å låna til utstillinga på Bygdetunet Rød neste sundag - 23. august.

Der vil det bli plass til 30 biletar i leinstova og det er viktig at mest mogeleg av bygda blir dekked fotografisk.

Bringedal og Eik har allereie gjort ein stor jobb med å lokalisere biletar, som mange uskedelingar har hengjande på veggane sine. Samla sett vonar dei å gje eit bilet til bygda slik ho var - sett i fugleperspektiv - på 1950- og 1960-talet.

Utstillingen blir kalla 'Tun og landskap i Uskedalen - flyfoto frå 1950- og 1960-talet'. Men ein kan også unntaksvise ta i mot biletar som er teke seinare dersom dei illustrerar ein interessant bygningshistorisk utvikling. Dei som har biletar kan levera dei direkte til Bringedal eller Eik, men det blir også innsamling den siste veka før utstillingen.

Etter den oversikt dei no har er bygda relativt godt dekked med biletar, men det er ynskjeleg med supplement frå til dømes Ljosnes, området rundt idrettsplassen på Heio, Kapteinsgården, Skårhaug-området, Friheim og sentrum (Beinavikjo).

Det var stort sett Fjellanger Widerøe, Telemark Flyselskap og Norrønafly som fotograferte også vår bygd i det tidsrommet som utstillingen omfattar. Bringedal og Eik presiserar at ein ikkje er interessert i prospektkort, men store kopiar som ofte vart fargelagde (handkolorerte) etter fotograferinga.

Av Ola Matti Mathisen